

BRATTVÅGNETT SA

ÅRSMØTEPROTOKOLL

Årsmøte onsdag 1. juni 2016 kl 1800 på Hautunet. Det var 10 frammøtte inklusive styret. Alle vedtak på dagens årsmøte var samrøystes.

Sak 1 Registrering av frammøtte og godkjenning av fullmakter, godkjenning av innkallinga
Det var 10 frammøtte inklusive styret. Innkallinga var gjort kjend i annonse i Haramsnytt to gonger, i veke 20 og 21.

Sak 2. Val av møteleiar, referent og ein person til å skrive under protokollen saman med møteleiar

Leiar Geir Daugstad vart vald til møteleiar, Sindre Vik vart vald til referent og Leif Sønderland vart vald til å skrive under protokollen saman med møteleiar.

Sak 3. Årsmelding for 2015

Årsmeldinga vart referert og godkjend.

Sak 4. Rekneskap for 2015

Rekneskapa vart referert og godkjend med eit resultat på 302 382 kr. Eigenkapitalen er 1 909 042 kr.

Sak 5. Tilknytings- og årsavgift, budsjett 2016

Årsavgifta for 2016 blei fastsett til 2500 kr (uendra), tilknytingsavgifta kr 2500 (også uendra). Budsjettet vart referert og godkjent med eit resultat på kr 205 700.

Sak 6. Godkjenning av reviderte vedtekter (1. gong)

Endringa i vedtektene vart samrøystes godkjende.

Sak 7. Val av styre og valnemnd

I styret hadde Roger Sønderland og Sindre Vik sagt frå seg attval. Valkomiteen hadde framlegg om Adnan Maksumic og Fride Doran som nye styrmedlemmar.

Årsmøtet gjekk inn for valkomiteen sitt framlegg.

Styret for 2014 vert då slik: Geir Daugstad, leiar,

Olav Gribbestad, Rodgeir Viken, Adnan Maksumic og Fride Doran styremedlemar.

Per Kåre Fauskan 1. varamedlem og Roger Sønderland 2. varamedlem.

Valnemnd vart: Rolf Ivar Lunde og


Sak 8. Val av revisor

Til revisor vart vald BDO As Avd Brattvåg, som før.

Sak 9. Honorar til styre og revisor

Honorar til revisor etter regning. Honorar til leiar kr 8000 og til styremedlemmane kr 4000.

Brattvåg, 1. juni 2016


Geir Daugstad


Leif Sønderland